



Evanger Pølsefabrikk AS - Inspeksjonsrapport nr. 09.068

Verksemdas namn:	Evanger Pølsefabrikk AS	Arkivkode:	2009/10408 -432.1
Verksemdas adresse:	Evanger 5707 Evanger	Anleggsnr:	1235.001.01
Organisasjonsnr:	847 703 342	Bransjenr.(NACE –kode):	10.130
Utsleppsløyve av:	02.01.2006	Tidsrom for kontrollen:	26.08.2009
Frå verksemda:	Andre Brunborg Gunnar Århus	Frå Fylkesmannen:	Sissel Storebø og Silje Tingstad

Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

- Internkontroll med hovudvekt på risikovurdering og avvikshandtering
- Utsleppskontroll og avløpsanlegg basert på utsleppsløyvet av 02.01.2006
- Kjemikalie: Substitusjon og sikkerhetsdatablad
- Næringsavfall og farleg avfall

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda under inspeksjonen.

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Verksemda har ikkje utarbeidd internkontroll som omfattar det ytre miljø
2. Det vert ikkje tatt prøver av avløpsvatnet
3. Verksemda har ikkje gjennomført substitusjonsvurdering for sine kjemikal

Det vart ikkje påvist merknadar under inspeksjonen.

Frist for å gi tilbakemelding om at avvika er retta er: **31.12.2009**.

Dato

Sissel Storebø
Overingeniør

Kjell Kvingedal
seksjonssjef

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Evanger Pølsefabrikk AS 26.08.2009. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv dei avvik som vart avdekkja under inspeksjonen. Rapporten gir såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningsloven) § 7 første ledd/andre ledd.
- Utsleppsløyve av 02.01.2006
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap. 11 om farlig avfall
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) § 3a

3. Avvik

Avvik 1.

Verksemda har ikkje utarbeidd internkontroll som omfattar det ytre miljø

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, 2. ledd punkt 6 og 7 og løyve til utslepp av prosessavløpsvatn punkt 5.3 datert 02.01.06.

Kommentarar:

Formålet med internkontrollforskrifta er mellom anna å fremme eit forbetningsarbeid innan vern av det ytre miljø mot forureining og betre handsaming av avfall, § 1. Den som har ansvar for verksemda skal sørgje for at det vert innført og utøvast internkontroll, §4.

Risikovurdering

Internkontrollforskrifta § 5 pkt 6 set krav om risikovurdering for det ytre miljø. Verksemdar skal kartlegge farer og problemar og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planar og tiltak for å redusere risikoforholdene. Evanger Pølsefabrikk AS har ikkje vurdert risiko og

kartlagt farar som kan føre til utslepp til ytre miljø, samt utarbeidd planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Avvikshandtering

Verksemda har ikkje utarbeidd eit system for avvikshandtering, det vi sei ein skriftlig rutine for korleis verksemda avdekker, rettar opp og førebygg brudd på HMS - krav i lover og forskrifter. Skriftlig melding om avvik er nødvendig slik at erfaringstilbakeføring kan gjennomførast

Skriftlige rutinar for å unngå utslepp til ytre miljø

Verksemda har manglande skriftlige rutinar som omfattar det ytre miljø, slik det er stilt krav om i internkontrollforskrifta § 5 pkt 7. I dette ligg at dei arbeidsrutinane som alt finns må dokumenterast og systemiserast slik at de kan inngå i internkontrollen. Dette gjeld mellom anna skriftlege rutinar for drift og kontroll av feittavskillar, utslippskontroll og handtering av farlig avfall.

Avvik 2: Det vert ikkje tatt prøver av avløpsvatnet

Avvik frå:

Utsleppsløyve datert 02.01.2006 punkt 5.2

Kommentar: Verksemda har vore i drift sidan 1960 og det vart gitt utsleppsløyve med vilkår om prøvetaking av avløpsvatnet den 02.01.2006. Det er ikkje blitt tatt prøver av avløpsvatnet sidan utsleppsløyvet vart gjeve, og verksemda kan derfor ikkje dokumentere at dei held seg innanfor gitte konsentrasjonskrav. I utsleppsløyvet er det sett vilkår om at verksemda skal ta døgnblandeprøver av avløpsvatnet 4 gonger årleg. Prøvene skal analyserast på organisk stoff, fosfor, suspendert stoff og feitt. pH skal også målast.

Avvik 3:

Verksemda har ikkje gjennomført substitusjonsvurdering for sine kjemikal

Avvik frå:

Internkontrollforskriften § 5 andre ledd punkt 7
Produktkontrollloven § 3a

Kommentar:

Det blei opplyst at verksemda har valt kjemikal ut frå kva andre næringsmiddelverksemder i området nyttar. Verksemda har ikkje sjølv vurdert substitusjon av helse- og miljøfarlege stoff for dei kjemikalie de nyttar.

Alle verksemder som yrkesmessig bruker kjemikalie frå 01.01.2000 er pålagt å vurdere substitusjon av helse- og miljøfarlege kjemikalie. Lovfesting av substitusjonsprinsippet i produktkontrollloven inneber at kvar enkelt verksemd må vurdere kjemikaliebruken, og der det er mogleg redusere sin risiko ved å gå over til mindre skadelege alternativ.

Verksemda kunne ikkje dokumentere rutinar for substitusjon av kjemikal som vert brukt. Arbeidet med substitusjon skal dokumenterast. Det betyr at alle vurderingar som blir gjort med hensyn på substitusjon skal være skriftlig.

Verksemda har dokumentasjon i form av sikkerhetsdatablad over dei kjemikal for vaskemiddel og andre kjemikalie som vert nytta. Men denne var ikkje oppdatert.

5. Merknader

Det ble ikkje gjeve merknader under inspeksjonen.